Ole M. Høystad:

# Fjell skremmer, fjell lokkar – kvifor?

Gudbrandsdalsseminaret – 29. jan. 2020



# Naturen grunnlaget for vår nasjonale identitet

- Idealet: urørt & vill natur
- Naturen del av nasjonsbygginga i 200 år
- Det naturlege er best, naturen veit best
- **Ikkje** ei opprinneleg norsk holdning
- Kulturlandskapet har ikkje same status – trugar naturen
- Forma av romantikkens natursyn,
- Særleg nasjonalromantikken – idealisert natur
- Ein **paradoksal** konstruksjon, mange sjølvmotseiingar
- Alle naturforhold er kulturelle og kulturelt betinga

# Opphavleg norsk naturholdning

- Naturen er farleg og trugande, stygg og ugjestmild
- Ein motstandar med skjulte makter
- Naturmytiske vesen: noko vondt
- Trolla var i fjella: Jotunheimen
- Måtte verne seg mot naturen, med kristne symbol
- Naturen er besjela - av vonde vette
- Noko som kravde mykje slit, mot kulde og uver.
- Naturen var nyttig eller unyttig, mat eller skade
- Det trygge og gode er innagjerds, det kultiverte
- Det finst ikkje heilage fjell i norsk naturtradisjon

# Total omtolking av naturen på 1800-talet - eit paradigmeskifte med romantikkens natursyn:

- **Menneske og natur er beslekta,**
- **del av same heilskapen i eit kontinuum**
- **Naturen er guddommeleg besjela**
- **Ideal: Urørt natur med fjell og dalar, vidder og vatn**
- **Hovudvekt på <u>kjensler</u> og <u>opplevinga</u> av den ytre naturen**
- **Naturens estetiske dimensjon, <u>*ikkje*</u> bruksdimensjonen**
- **Naturens symbolske verdi dominerer (jf. ulven)**
- **Ulven har større symbolverdi enn sau og bønder**
- **Gløymt er det nasjonalromantiske synet på bonden og det idealiserte kulturlandskapet (I.C. Dahls bilde av Hjelle)**

# Naturens estetiske dimensjonar:

- Skilje mellom det naturskjønne (vakker natur) og det opphøgde (sublime)
- VAKKER NATUR:
- Den harmoniske & idylliske naturen, landskapet (Tidemann & Gude, & Welhavnes naturlyrikk)
- Det pittoreske landskapet:
- eit kulturlandskap med idealiserte gardar midt i naturen (Vågå og Norddalen)

# Det sublime (opphøgde)

- Ikkje naturen som er sublim
- Det sublime er ei oppleving, ei kjensle
- Noko som fyller sinnet med både skrekk & gru og fascinasjon
- Noko skremmande OG tiltrekkande
- Utløyst i møtet med farlege fjell, fossestryk og noko overveldande stort (storm og uver)
- Ligg under mye risikosport
- Moderne farespenning og fascinasjon erstattar tidlegare mytiske makter
- Kan gjenskapast i kunsten

# NB! All naturopplevinng er kulturelt konstituert

- **Kulturlandskapet er kulisse for romatikarar:**
- **«Tilbake til naturen», ikkje «Fram til kulturen»**
- **Fakta: 1) Kulturlandskapet er også ein heilskap (alt heng i hop)**
- **2) Og, Gubrandsdalens kulturlandskap eit marginalt landbruk:**
- **3) Fjellbeita og utmarksressursar grunnlag for levande bygder**
- **4) Århundrelange lokale tradisjonar – beredyktig forvalting**
- **Få seterdrift i Gudbrandsdalen på UNESCOs kulturarvliste! – både materiell og immateriell kultur – einestående naturforvalting**
- **Storsamfunnet (sentralstyring) vs. bygdesamfunn (lokal forvalting)**

# Eit paradigmeskifte i vår tids naturholdningar:

- *Frå panorama til arena*
- *Frå betraktning til handling*
- *Frå kulisse til scene – for iscenesetting av seg sjølv (med video og sosiale medium)*
- *Frå visualitet til **performativitet og narrativitet (forteljingar)***
- *Sensation (sansing) framfor refleksjon*
- *Ulike **performative** naturholdningar: risikosport, avansert utstyr (e-syklar, kiting, scootarar m.m.) – ressurskrevjande, ikkje beredyktig*
- *<u>Alternativ: </u>Mobilisere alternative narrativ (kulturhistorie f.eks),*
- *med vekt på kulturlandskapet og lokal forvalting av naturen*
- *Understreking av at alle naturforhold er kulturelt betinga*
- *"Natur" er eit begrep, tilgang via sansar og fornuft*